



Myking og Hundvingrend Grunneigarlag
Atle Bruvoll Andersen
c/o Atle Bruvoll Andersen Trøelandsvegen 24
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8208 - 21/12236

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
23.02.2021

Viltfond, Støtte fra kommunal viltfond, Myking og Hundvingrend Grunneigarlag

Administrativt vedtak: Saknr: 257/21

VEDTAK:

Myking og Hundvingrend Grunneigarlag vert løyvd kr. 8.600 frå viltfondet i Alver kommune til drift av hjortevald med bestandsplan, Valdnummer: 4631V0077, Myking/ Hundvingrend Grunneigarlag.

Midlane skal utbetalast frå det kommunale viltfondet til konto: 3640.60.19645

Vedtaket om tildeling av midlar frå viltfondet er ikkje eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunale midlar. Vedtaket kan såleis ikkje klagast på.

Saka gjeld:

Atle Bruvoll Andersen søker på vegne av Myking og Hundvingrend grunneigar lag i brev dagsett 18.01.2021 om tilskot frå det kommunale viltfondet i Alver kommune. Det vert søkt om midlar til drift av hjortevaldet i Hundvin og Myking.

Grunneigarlaget søker om kr 20.000 for å dekke utgifter knytt til forvaltning av hjort og småvilt i laget sitt område. Midlane vil gå til møteutgifter, skotpremie på småvilt og utgifter knytt til vårtelling av hjortebestanden. I 2020 betalte laget ut kr 11.400 i skuddpremie på rev og mår.

VURDERING:

Bruk av viltfondsmidlar er regulert av FOR-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Bakgrunnen er å fremme viltforvaltninga i kommunane.

Fondet kan nyttast til:

Tilskudd til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommuner gjennom samarbeid i regi av organisasjoner, enkeltpersoner eller kommunen selv.

Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

Fondet kan ikkje nyttast til:

Kommunal og fylkeskommunal administrasjon av viltforvaltning (faste utgifter til lønn, møtegodtgjørelser, reiser mv.).

Å erstatte skader voldt av vilt.

Skuddpremier

Kommunen vurderer at søknadsformålet oppfyller viltfondets formål med hensyn til økonomisk støtte til forbetret samarbeid i jaktorganiseringen og styrkelse av kunnskapen omkring den lokale hjortebestand via vårtelling og kan difor støttast med midler frå viltfondet. Administrasjonen har au vurdert resultatet frå dei to føregåande åra med bestandsplan. Det er eit mål for forvaltninga at jegerar og grunneigarar skal ha ein større rolle i hjorteviltforvaltninga. Vår vurdering er at bestandsplanområdet fungerer godt spesielt gjennom løyveomfordeling til områder som er svert skadapåverket av hjort.

Kommunen vurderer at søknadsformålet med hensyn til økonomisk støtte frå viltfond til skuddpremie på rev og mår ikkje oppfyller viltfondets formål og kann ikkje utbetales.

Regelverk

FOR-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8208

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Myking og Hundvingrend Grunneigarlag c/o Atle Bruvoll Andersen 5956 HUNDEVIN
Trøelandsvegen 24